

# Sone 3

# Årsmelding 2017



**Innkalling til årsmøte i Jølster jakt og fiskelag sone 3**  
**På Skei Hotel tysdag 20 mars 2018 kl. 19.30**

- Sakliste:
- 1 . Godkjenning av innkalling og sakliste.
  - 2 . Val av møteleiar og skrivar.
  - 3 . Val av to til å skrive under møteboka.
  - 4 . Årsmelding.
  - 5 . Rekneskap.
  - 6 . Disponering av overskot/ dekking av underskot
  - 7 . Pris på fiskekort / jaktkort.
  8. Arbeidsplan 2018
  9. Val

Forslag arbeidsplan 2018:

Jølster Arefest

Marknadsføring av sportsfiske i Jølster

E 39 Bjørset – Skei. Tilrettelegging av fiskeplasser.

Villreinarbeidet i samarbeid med utval og villreinnemnd.

Fangstregistrering i Jølstravatnet

Frå ca kl 21.00 matøkt og fellesmøte med sone 2 .

**Framlegg frå fellesstyremøte om fiskekortprisar for 2018:**

Døgn kr 120,-

Veke kr 600,-

Sesong kr. 1000,-

Gjeld for heile Jølster og med alle sportsfiskereiskap.

**Framlegg frå fellesstyremøte om jaktkortprisar for 2018:**

Døgn kr. 150,-

Veke kr. 500,-

Sesong kr. 1000,-

Gjeld for heile Jølster og det er fangstbegrensning med døgnkvote på 3 ryper.

Vår nettside: [www.jolstraure.no](http://www.jolstraure.no)

# Jølster Jakt og Fiskelag

## sone 3

### Årsmelding 2017

Førre årsmøtet vart halde på Skei Hotel. Det var og fellesmøte med sone 2 etter matøkta og dei vanlege årsmøtesakene.

Styret i meldingsåret har vore :

Finn Årdal , leiar  
Inge Erikstad, nestleiar  
Jonny Lofnes , kasserar  
Vidar Aa Djupvik, styremedlem  
Ottar Magne Fugle, styremedlem

Varamedlem: Johs O Kjøsnes .

Styret har hatt 2 styremøte og handsama 7 saker. Det er gjeve tilskot til: Jølster Aurefest, Speidarane (Båt og fiskeutstyr), Jølster helselag (El.sykkel) og Jølster sau og geit (Jakthytte rev) . Styret har og delteke på fellestyremøte for alle sonene i Jølster Jakt og Fiskelag og Finn Årdal har vore leiar i fellesstyret.

#### **Fisket**

Det vart selt 1837 fiskekort mot 1913 i 2016. Dette totalt for alle 4 sonene. Fangstregistreringa viser ein samla fangst i Jølstravatnet i 2017 på 15017 kg mot 15154 kg i 2016. Dette er samla berekna fangst for både næringsfiske og sportsfiske.

#### **Villrein**

Styret heldt trekking av villreinløyva i Førdefjella for Jølster sin del der Ove Årdal og Tore Andre Taklo fekk løyve.

#### **Rev**

Det er felt 52 rev totalt i Jølster. Sone 3 betaler 25% av fellingsvederlaget på kr. 400,- pr rev.

#### **Småviltjakta**

Det vart totalt i Jølster selt 141 jaktkort mot 132 i fjor.

#### **Kontrollordninga**

Fiskekortkontrollen har vore utført av Kjell J Kvammen med til saman 16 turar i områda Jølstra og Jølstravatnet sør og nordsida .  
30 fiskarar vart kontrollerte.

#### **Jølster Aurefest**

Vart arrangert 10 juni 2017. Det vart også dette året ein stor suksess med 1069 deltakarar og mykje god reklame for sportsfiske i Jølster.  
Finn Årdal har i 2017 vore leiar i hovudkomiteen og mange av våre medlemmar deltok på dugnad.